

ORIENTERING I HOVUDUTVALET FOR NÆRING OG KULTUR 12.

APRIL 2016

- Fagbakgrunn:** Eg studerte Drama and Theatre Arts på Queen Margaret University i Edinburgh 1997-99. Frå 1999 har eg vore knytt til universitetet i Reykjavik, Haskóli Íslands, der eg fullfører grad i historie når Hemnen-prosjektet er ferdigstilt. Hemnen-manuset er grunnlaget for doktorgradsavhandling om Magnus Berrføtt (1073-1103.) Arbeidet kastar nytt lys på Sogn og Fjordane, og funksjonen fylket hadde på tampen av vikingtida. Eg fekk for nokre år sidan spørsmål om å skrive biografien om Magnus Berrføtt i ein serie om Sagakongane. Eg vart mellom anna spurt om oppdraget fordi eg er den fagpersonen som over tid har jobba/forska mest på Berrføtt. Hemnen-prosjektet har Rune Blix Hagen som historiefagleg rådgjevar, han har vore med sidan 2008. Blix Hagen er amanuensis i historie ved Universitetet i Tromsø, og har hekseforfølgingane og (samisk) trolldom som hovudfelt.
- Hemnen-manuset har aldri vore refusert av nokon regissør.** Det er uvanleg å utvikle seg filmfagleg frå ein er 24 år gamal med internasjonalt anerkjende fagpersonar som Fridrik Thor Fridriksson (1999) og seinare Nils Gaup (2007.) Det er ingen kvinne, heller ingen mann før meg i norsk film, som har hatt høve til å utvikle seg frå så ung alder med så etablerte regissørar (Gaup: Regissør, Fridriksson: Regissør/producent.) Eg er ikkje kvotert inn nokon stad, men Hemnen-manuset vart plukka ut fordi det var det beste manuset blant mange. Det er ekstremt vanskeleg å passere slike nålauge. «Hemnen» som skil seg markant frå dei andre vikingfilmene med kvinneleg hovudrolle, handlar om Gunnhild Brynjolvsdotter frå Vik som har vore fostra opp hjå onkelen Skjalg den mektige i Hyllestad. Han har gjennom ei årrekke prøvd gifte Gunnhild til eiga vinning, og ser no for seg å gifte Gunnhild inn i kongerekka. Gunnhild har lukkast sleppe unna gong på gong på hengande håret, Skjalg har mista tolmodet og truar med avretting. Gunnhild på si side nektar bli del av maktplanane til mennene kring henne, og søker hjelp som syner seg å vere bergfast ved sida hennar gjennom alt. Handlinga går frå 1093-1103, regjeringstida til den siste vikingkongen i kongerekka, Magnus Berrføtt.
- Status for vikingfilm internasjonalt:** Det har vore mange forsøk på å lage vikingfilm dei siste tiåra, fleire prosjekt har historie tilbake til 2000-talet. Dei mest kjende i bransjen har varsla vikingfilmar som framleis ikkje er i nærleiken av produksjon jf. orientering frå bransjen rett før jul 2015. Det er ingen vikingfilmar på lerretet sjølv om marknaden ropar etter dei. Eg er aleine i landet om å ha kompetanse på uavbrote arbeid med vikingfilm gjennom 17 år. Hemnen-prosjektet er den vikingfilmen som er nærast realisering, og med manus som er i slutfasen av utviklinga. Jf. Nils Gaup tek det minst 10 år å utvikle manus til storfilm, særleg kostymedrama, igjen særleg vikingfilm som krev rekonstruksjon av konflikter og personar frå så langt attende i tid. Jf. Fridrik Thor Fridriksson har det aldri vore laga ein god vikingfilm, men han trur «Hemnen» kan lukkast internasjonalt. Tv-seriar er noko heilt anna, dei er langt lettare å finansiere og ingen av desse held historiefagleg mål.
- Mannskapet på Hemnen-prosjektet har vore stabilt, ingen har falle frå undervegs.** Dette er uvanleg i det som går for å vere verdas hardaste yrke. Prosjektet er og aleine om å syne openheit for media gjennom heile forprosjektet. To av dei fremste filmskaparane i Norden,

Nils Gaup og Fridrik Thor Fridriksson, hadde aldri knytt namna sine til eit opplagt tulleprosjekt utan realisme.

5. **Prosjektet har sidan 2012 etablert nettverk i det etablerte filmmiljøet i Dublin gjennom kontaktane til Fridriksson.** Her har eg og jobba vidare med prosessen for å få på plass eit av verdas mestselgande rockeband, som i seg sjølv er ei etablert merkevare internasjonalt gjennom fleire tiår. Prosjektet jobbar no med å knyte til seg namn i toppsjiktet i det internasjonale filmmiljøet. Ein film som «Hemnen» treng eit par slike «bjøllesauer.»
6. **Kvifor slike lange prosessar?** «Hemnen» skil seg ut med å overleve beinharde kår gjennom mange år på minimale løyvingar. At «Hemnen» finst er yttarst spesielt. Prosjektet har fått minst, men nådd lengst og overlevd. Årsaka er eit godt innarbeidd mannskap og sterkt nettverk, mange gode rådgjevarar frå fylket og avgjerande støtte frå fylkeskommunen som har kome i siste liten men i tide kvar einaste gong. For at eit vikingfilmmanus skal lukkast, lyt prosjektet handtere mange år utan tene pengar. Ingen filmprosjekt tener pengar i forprosjekt. Sidan eg har eit historiefagleg løp parallelt med filmprosjektet, har dette lukkast. Men det har vore og er beinhardt. Anna årsak er at manusforfattarar berre unntaksvis har historiefagleg kompetanse, då stiller dei svakt i møte med historia og vikingar utan namn og andlet. Då vert det ofte moderne drama kledd ut som vikingar, desse filmene har sjeldan eller aldri lukkast. At ein manusforfattar utan historiefagleg kompetanse skriv vikingfilm, er som å la flyvertinna ta over for piloten. Å finansiere ein film i eit land som ikkje tener pengar på film er og ei utfordring, men styrken til «Hemnen» er at manuset har eit potensiale til å treffe eit breitt internasjonalt publikum.
7. **«Hemnen» vil gje regionen og landet ein storslagen profilering internasjonalt.** Særleg vil prosjektet vere gunstig for reiselivet. Slik sett er «Hemnen» eit næringsprosjekt like mykje som eit filmprosjekt – som kjem til rett tid. Forsking syner at filmar som blir spelt inn på stader der historiene høyrer heime, oppnår 40% auke i tilreisande. «Hemnen» er heimehøyrande i Sogn og Fjordane, fylket er åstad for hendingane og ikkje tilfeldige kulisser i nokre minutt.
8. **Kvinner i den internasjonale filmverda møter ekstra utfordringar.** I samband med årets Oscar utdeling, kom det fram at berre kring 10% av manusa og kring 10 % av regissørane var kvinner. Samstundes var det betydeleg færre kvinnelege hovudroller jf. menn, hovuddelen av manusa er forfatta av menn. Desse tala gjeld for 2016.
9. **Kvifor støtte frå Sogn og Fjordane fylkeskommune?** Norsk film er konsentrert kring Oslo og offentlege subsidiar. «Hemnen» er elles for stort for tradisjonell norsk filmproduksjon. Norske filmar tener ikkje pengar internasjonalt, her er ikkje apparat til å følge opp prosjekt som «Hemnen.» «Hemnen» er på eige nivå og krev internasjonal deltaking, prosjektet er retta mot ein internasjonal marknad.
10. **Ingen kan garantere suksess, men «Hemnen» er nærare realisering enn nokon annan vikingfilm og nokon gong.** Prosjektet har ulikt alle andre forsøk på å lage vikingfilm, aldri stoppa opp. «Hemnen» har heile tida hatt naturleg utvikling og aldri stått i stampe. Det har aldri vore større etterspurnad etter vikingfilmar enn no: Det er ingen overproduksjon av vikingfilmar. Slik sett er «Hemnen» eit unikt prosjekt frå Sogn og Fjordane. Eg vil takke for støtta så langt. Eg håpar Sogn og Fjordane fylkeskommune held fram med å vere den gode og avgjerande støttespelaren som de har vore.

Randi Før Sund

Ansvarleg produsent/manusforfattar
Leggbit AS